

Kvinnherad Jeger og sportsfiskarlag

5462 HERØYSUNDET

080517

Norges vassdrags- og energidirektorat

Konsesjonsavd.

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Svar på høyring av søknad om løyve til overføring av to bekker til Blåfalli III i Blådalsvassdraget i Kvinnherad.

Sunnhordaland Kraftlag AS (SKL) søker om å overføre to bekker i Blådalsvassdraget for å auke energiproduksjonen i kraftverket Blåfalli III. Kvinnherad jeger og sportsfiskarlag (Kjsfl) er sterkt kritisk til denne utbyggjinga, då vi meiner at dette har negative konsekvensar for landskapet i området og at vi er utsikre på kva effekt denne utbyggjinga har på det akvatiske miljøet (Urdabotn).

Urdabotn

SKL ønskjer å overføre den eine innlaupsbekken til Urdabotnvatn. Dette vil redusere vasstilføringa til vatnet. Det skal òg byggjast ein dam og dumpast massar som er eit inngrep som vi ser på som negativt for landskapsopplevinga i området.

Urdabotnvatn er av stor interesse for Kjsfl, då vi har lagt ned mykje arbeid i området. Kjsfl starta med kultiveringsarbeid i vatnet i 1990. Då var aurebestanden særst tynn, noko som sannsynlegvis var eit resultat av sur nedbør og manglande rekruttering (sjå vedlegg for pH-målingar). I samband med dette vart botntilhøva undersøkt ved dykking, det vart lagt ut gytegrus i bekkane og det vart satt ut aureungar. Elevar frå Omvikdalen skule vart engasjert i arbeidet. Kjsfl har utplassert båt i vatnet, og denne brukast til kultiveringsfiske. Vatnet har i dag ein moderat tett bestand, ikkje tynn bestand som SKL skriv i sin rapport (sjå vedlagt rapport om fiskeundersøkingar). For å auke storleiken på fisken vil Kjsfl drive uttynningsfiske i vatnet.

I dag har Kjsfl ein samarbeidsavtale med Omvikdalen utmarkslag, og det Kjsfl som forvaltar jakt- og fiskeressursane i området. I denne samanheng har vi òg vald ut Urdabotnvatn som ein lokalitet der vi driv og vil drive med fiskekultivering. Årsaken til at vi valde dette vatnet er at det ligg lett tilgjengeleg frå hyttefeltet ved Ågåtselv, vatnet er av ein slik storleik at det lar seg kultivere med ein rimelig innsats. Vasskvaliteten har betra seg (sjå vedlagt rapport om pH-målingar), og vi ser at vatnet kan ha eit potensial for å bli eit godt fiskevatn.

Urdabotnvatn vart òg vald ut fordi vatnet ligg i eit inngrepsfritt område langs Blådalsvassdraget. Dei seinare åra har fleire og fleire av sidevassdraga vorte teke inn i kraftproduksjonen til SKL. Dette er spesielt synleg på sør-sida av vassdraget, der Sandvatna, Nesjastølsvaten, Svartatjørn, Kvandalsvatnet og Vetrehusvanta er regulert eller overført, samt at nokre av kjeldene til Åkravassdraget er overført

til Blådalsvassdraget. Alle desse inngrepa har redusert opplevingsverdien for alle friluftslivformer i eit stor fjellområde. Det er difor særst viktig at vi no ikkje lar denne utviklinga fortsetja på nord-sida av vassdraget. Urdabotnvatn utgjer saman med Stemvatn eit av to urørte fiskevatn i området og vi meiner difor at dette har stor verdi for friluftslivinteressene i området.

Kjsfl saknar og noko meir informasjon om korleis tiltaket vil påverka vasskvaliteten på kortare og lengre sikt. På kort sikt er vi bekymra over boreslam som kan føre til nedslamming og redusere næringstilhøva for botndyra. Boreslam kan òg føra til fiskedød. På lengre sikt spør vi om konsekvensane for mindre gjennomstrømming i vatnet og kva følgjer dette har for næringstilførsel, temperatur, isgang og dermed produksjonen i vatnet.

Vi stiller oss òg undrande til kvifor ikkje SKL ikkje har teke kontakt med oss for meir detaljerte opplysningar om vatnet. Som det går fram av vår rapport om fiskeundersøkingar i Urdabotn har dette vatnet ein moderat tett bestand av aure. SKL beskriv bestanden som tynn, noko som får oss til å stille spørsmålsteikn ved kor grundige dei har vore i denne utgreiinga.

Grønningsbekken

Kjsfl er kritiske til overføringa av Grønningsbekken på grunn av dei negative konsekvensane for landskapet. Ein inntaksdam i bekken vil utgjere eit synleg inngrep i dalen. SKL skriv i søknaden sin at området er påverka av linjespenn og ein eldre og dårleg tilpassa tipp (avbilda i figur 29 b, side 38). Det kan oppfattast slik at SKL argumenterer med at nok eit inngrep er av liten betydning når område allereie er belasta med tunge inngrep frå før. Vi ønskjer ikkje denne utbyggjinga og hadde òg sett at eksisterande tipp hadde vorte utbetra for at nordsida av Blådalsvassdraget i størst mogleg grad framstår som eit samanhengjande, større urørt landskapsområde.

Med helsing

Kvinnherad jeger og sportsfiskarlag

Vedlegg 1 : Kjsfl. Prøvefiske i Stemvatn, Urdabotnvatn, Brandvikvatn og Svartavatn, 2011.

Vedlegg 2: Kjsfl. ph målingar for Omvikdals området.

Vedlegg 3: Kjsfl. Årsmelding frå fiskestellutvalget 1993.